

Beisto trygt over Storsundet

26.05.2013



Disiplinerte passasjerer ut på flåten på Eikelandet!

16 beist - 8 store og 8 små Aberdeen Angus - er i dag frakta trygt over Storsundet til sommarbeite på Skorpo. Dette er som før eit samarbeidsprosjekt mellom Oscar Langballe og Tor Jarle Kjærland. Tor Jarle kallar det eit hopehav.

Transporten var uproblematisk i det fine veret med båten til Oscar som slepebåt og ein stålflåte med dyra bak. Medan gardbrukarane var skipparar var Marita og Leif Joachim mannskap på flåten. Passasjerane var like disiplinerte som Rødnereisande plar å vera!



[Ferda på halvannan kilometer gjekk utan problem](#)

Flåten er imidlertid noko for seg sjølv - han er eit resultat av Gustav Bergstø sitt mangfaldige talent. Gusten laga ståflåten av utrangerte pannar frå Sørøal og hensikten med konstruksjonen var nettopp transport av dyr. Han frakta dei til dømes frå Snilstveitsøy til Uskedalen som ledd i eitt av sine mange prosjekt. Flåten laga han saman med Asbjørn Olsen som har selt han vidare til Kjærland.

I fjor vart han opprusta med ein landgang som gjer det langt mindre problematisk å få dyra både i land og ombord att på Skorpo. Lastekapasiteten er ikkje noko problem. Den er 14 tonn og det held til dobbelt så stor bøling som dagens.

Før transporten behandla Tor Jarle dyra systematisk mot snyltarar av alle slag.

- Er det også mykje flått på Skorpo?
- Det er meir her inne på fastlandet

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen